Høyringsinstansar

Vår dato: 16.01.2012
Vår ref: 2011/3716 - 827/2012 / 152
Dykkar ref:

Konsekvensar ved mogleg nedlegging av Litlabø skule, høyring

Kommunestyret vedtok i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan 2012-15 å starta ein prosess med sikte på ei eventuell nedlegging av Litlabø skule frå og hausten 2012. Spørsmålet skal handsamast i kommunestyret som eiga sak, etter planen i møte 22. mars 2012.

Som grunnlag for kommunestyret si handsaming er det utarbeida ei konsekvensutgreiing av mogeleg nedlegging av Litlabø (vedlagd) og framlegg til forskrift om fordeling av elevar (vedlagd). Desse vert med dette sendt til høyring til skulane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio sine formelle organ:

- Foreldrearbeidsutvalet (FAU)
- Samarbeidsutvalet (SU)
- Skulemiljøutvalet (SMU)
- Elevrådet

Høyringsnotatet blir òg sendt til Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Også andre lag og organisasjonar med tilknyting til området/saka vert invitert til å gje uttaler. Høyringa vert avertert på kommunen sine heimesider og i bladet Sunnhordland.

Som del av høyringa vert det gjennomført informasjonsmøte for FAU, SU og SMU ved dei respektive skulane slik:

Torsdag 26.1. kl 18.00	Stad: Gymsalen Litlabø skule
Tysdag 31.1. kl 18.00	Stad: Gymsalen Sagvåg skule
Onsdag 1.2. kl 18.00	Stad: Gymsalen Tjødnalio skule

Me bed om at eventuelle høyringsuttalar vert sendt elektronisk til marit.kjelby@stord.kommune.no **innan 15. februar 2012.**

Spørsmål til saka kan rettast til underteikna.

Med helsing

Reidun Myklebust
Kommunalsjef

Marit Kjelby
Skulefagleg rådgjevar

Sekretariatet
Postboks 304
5402 Stord

Rådhuset
post@stord.kommune.no

Telefon
53 49 66 52

Telefaks
53 49 66 01